

Ulovleg garnfiske ved Eikelandet

27.06.2010

Fredag kveld fekk oppsynsmann i Uskedalselva, Arne Terje Haugland, melding om at nokon var i gang med å setta garn ulovleg ved Eikelandet.

- Eg melde straks ifrå til vakthavande politimyndigheit, opplyser Haugland.

Han strekar under at folk er lfinke til å melda frå i slike tilfelle.

Det som skjer er at forbudssona innanfor grensen mellom Børnes og Flatholm ikkje blir respektert.

- Dei aktuelle fiskarane kjenner kanskje ikkje til denne grensen?

- Det vil eg tru at dei gjer, svarar Haugland.